



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Silje Anette Lyhammer, 55 57 21 51

Vår dato
11.01.2017
Dykkar dato

Vår referanse
2016/11750 520
Dykkar referanse

Magnar Askeland
Rosslandsvegen 293
5918 FREKHAUG

Tilbakemelding gjeldande kontroll av avløysarutgifter - Magnar Askeland - Meland

Fylkesmannen viser til vårt brev, datert 12. september 2016, der vi varsla kontroll av avløysarutgifter for året 2015 frå ditt føretak. Vi viser også til di tilbakemelding.

Som eit ledd i forvaltningskontrollen Fylkesmannen i Hordaland tok av Meland kommune, kontrollerte vi tilskot til avløyning ved ferie og fritid for dei føretaka kommunen trekte ut til stadleg kontroll i januar 2016, jf. forskrift om produksjonstilskudd og avløsertilskudd i jordbruket av 19. desember 2014, § 10.

Du søkte om produksjonstilskot i jordbruket og avløyning ved ferie og fritid ved søknadsomgangen januar 2016. Du vart trekt ut til stadleg kontroll av Meland kommune. Blant anna skulle kontrollør sjekka om dokumentasjon av avløysarutgiftene dine for 2015 stemte overeins med summen du gav opp på søknad om tilskot. Du søkte om avløysartilskot på kr 68.598,-. Du oppgav å ha nytta Landbrukstenester Hordaland til avløyning.

Fylkesmannen godkjenner innsendt dokumentasjon frå ditt føretak og vi ser oss ferdig med kontrollen.

Med helsing

Åse Vaag
landbruksdirektør

Silje Anette Lyhammer
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:
Meland kommune Postboks 79 5906 Frekhaug